



Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)
Toralf Otnes avd Skred- og vassdrag reg. Vest
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13262 - 21/10726

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
17.02.2021

Oversending av vedtak til klagevurdering - gbnr 325/12 Fosse

Tiltak: Dispensasjon forelegging av nettstasjon og legging av luftline i grøft, områdekonsesjon
Byggjestad: Gbnr: 325/12
Tiltakshavar: Bkk Nett AS
Ansvarleg søkjar: Bkk Nett AS

Saka vart handsama i administrativt vedtak saknr. : 211/21 den 12.02.21, der følgjande vedtak vart fatta:

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommunedelplan for Meland for etablering av ny nettstasjon og legging av luftline i jordkabel.

Tiltaket er omfatta av områdekonsesjon og krev ikkje vidare handsaming etter plan- og bygningslova. Utover dette har avdeling for Plan- og byggesak ingen merknad til førelegging av anlegget.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Det var i søknad opplyst at det ikkje låg føre merknadar frå naboar. Vi mottok merknad frå heimelshavar gbnr 325/11 den 15.02.21, sjå vedlegg.

Av merknad går det fram at kabeltrase krysser ei elv.

Vi har ikkje fanga opp denne kryssninga ved vår handsaming, saka skulle ha vore sendt til NVE til uttale før vi fatta vedtak i saka.

Vedtaket vert no oversendt NVE med klagerett, vi vil tilrå BKK Nett AS å gå i dialog med NVE.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Merknad til - Justert forlegging Fosse H ny nettbryter frå BKK

Kart med elv markert med gul farge

Bilete 1

Bilete 2

Dispensasjon frå LNF-føremålet i samband med forelegging ny nettstasjon og legging av jordkablar - gbnr 325/12 mfl. Fosse

kart

tegning

Kopi til:

Bkk Nett AS

Postboks 7050

5020

BERGEN

Norges Vassdrags- og Energidirektorat
(nve)

Postboks 5091 Majorstua

0301

OSLO

Mottakarar:

Norges Vassdrags- og Energidirektorat
(nve)

Postboks 5091 Majorstua

0301

OSLO